

Nr. 3 - mai 2021

Masfjordingen

**Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune**



Gudstenester

Dette er dei oppsette gudstenestene framover. Me fylgjer til ei kvar tid oppgitte koronareglar, og tek atterhald om endringar/avlysingar pga. dette. Gjeldande liste og informasjon om endringar finn du i kalenderen på nettsida vår:

www.masfjorden.kyrkja.no og facebook-sida vår: «Kyrkja i Masfjorden».

6.juni Sandnes kyrkje kl. 12:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

Takkeoffer til NMS (Det Norske Misjonsselskap)

20.juni Frøyset kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

Takkeoffer til NMS (Det Norske Misjonsselskap)

27.juni Stemmevatnet (Solheim) kl. 11:00

Friluftsgudsteneste v/Torbjørn Sæle

4.juli Sandnes kyrkje kl. 12:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

11.juli Reknesskjerjane kl. 11:00

Friluftsgudsteneste v/Torbjørn Sæle

25.juli Solheim kyrkje kl. 17:00

Gudsteneste v/Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn

29.juli Olsok Fjon fjellkyrkje kl. 19:00

Olsok-gudsteneste v/Bjørn Tore Sæle

8.august Sandnes kyrkje kl. 12:00

Gudsteneste v/Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn

15.august Frøyset kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Kristine Bleikli

22.august ved Stordalen fjellstove kl. 15:15

Friluftsgudsteneste i forbindelse med Bjørn West-marsjen v/Torbjørn Sæle

29.august

Solheim kyrkje kl. 11:00

Frøyset kyrkje kl. 13:30

Sandnes kyrkje kl. 16:00

Gudstenester v/Torbjørn Sæle

Konfirmantpresentasjon

og utdeling av bok til 10-åringane

5.september

Frøyset kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

11.september Sandnes kyrkje kl. 12:00

Konfirmasjonsgudsteneste

v/Torbjørn Sæle og Helga Ekehaug

12.september Solheim kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

v/ Torbjørn Sæle og Helga Ekehaug

26.september Frøyset kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

v/Torbjørn Sæle og Helga Ekehaug

Døyppte

25.04.2021 Oline Hindenes Haugsvær

Foreldre:

Kristine Hindenes og Andreas Solheim Haugsvær

Faddrar: Kristian Asheim og Ingvild Hindenes

02.05.2021 Jonas Årli Birkeland

Foreldre: Yvonne Hindenes og Hogne Birkeland

Faddrar: Eilif Birkeland, Tonje Birkeland,

Tove Mette Fagerheim,

Vegard Fagerheim Hindenes,

Joakim Fagerheim Hindenes, Anders Soma.

24.05.2021 Selma Nordheim Ekren

Foreldre: Kariann Ekren og John Arvik Nordheim

Faddrar: Ketdao Fredheim og Trine Ekren.

Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

Vigde

22.05.2021 Linn Andvik Lahti og Atle Fjellby

Sjå til dei i nåde, og styrk dei med din Ande, så dei i gode og vonde dagar set sin lit til deg, held trufast saman og hjelper kvarandre fram mot det evige liv.

Avlidne

04.05.2021 Vidar Sandnes, f.1961

Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.



BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus fortalte ei likning om ein sau som hadde gått seg bort. Gjetaren leita heilt til han fann att sau. (Teikning: Trevor Keen)



Finn fem feil Då gjetaren fann sau, blei han så glad at han holdt ein fest! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Trevor Keen)



Vitser

- Eg trur eg snart skal få ein bror!
- Kvifor trur du det?
- For kvar gong mamma har vore på sjukehuset, har eg fått ei søster.
- Ja, og så?
- Jau, no er pappa på sjukehuset ...

- Skal eg dele pizzaen i fire eller åtte stykke? spurde servitøren.
- Berre fire, takk. Eg trur ikkje eg orkar åtte.

Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.


Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00.



Saknet etter eit handtrykk

«Eg har så lyst å ta han i handa», seier kvinna på sjukeheimen. Bak orda hennar høyrer eg meir enn berre fortvilning.

Andakten er akkurat ferdig. Ho er i ferd med å bli trilla tilbake til rommet sitt. Eg skimtar ei tåre i augekroken, og frå den lett skjelvande stemma høyrer eg orda: «Eg har så lyst å ta han i handa.»



Det er noko ho så gjerne vil, men som ho ikkje får lov til. Og vi kan kjenna oss igjen. Vi har lyst, men ikkje lov.

Eg har snakka om at det går mot lysare tider. Og om lyset i verda. Kanskje vart også andaktstunda eit lyspunkt i kvardagen. Eit kjærkome avbrekk. Med bøn og velsigning og song om at «Kristus er verdens lys».

Eit lys som skin i mørket.
Eit lys for folkeslaga.
Et lys du og eg treng.

Ho vil takka. Det hadde vore så godt å få gjeve det handtrykket. Albogehelsing og fotklasking gjer ikkje heilt same nytten. I alle fall ikkje på sjukeheimen. Digitale hender og avstandsklemmar er heller ikkje erstatningar å trakta etter. Nei, gje meg handa di, ven.

Men, nei. Ikkje denne gongen heller. Vent litt til. Enn så lenge må vi nøya oss å med å falda våre hender og bera med oss saknet av eit handtrykk. Medan vi klamrar oss fast til håpet.

For ein dag skal det skje.
Ein dag går det over.
Ein dag kjem det nye tider.
Då skal vi ta kvarandres hender.

Eg spritar hendene mine nok ein gong og tek på munnbindet. Då slår det meg at hendene hennar ikkje berre bar på sagn og fortvilning. Hendene var proppfulle av takk.

Torbjørn Sæle
sokneprest

Ny gudstenesteordning

I pinsa tok me i bruk den nye gudstenesteordninga for kyrkjene i Masfjorden. Det er ikkje så store forskjellen frå slik ein er vane med, og presten vil leia oss trygt gjennom det som er nytt når me kjem til gudsteneste.

Den nye ordninga er lagt ut på kyrkja si nettside: www.masfjorden.kyrkja.no

https://www.masfjorden.kyrkja.no/Portals/0/Nye%20dokument/Styringsdokument/210309_Oppsett_gudstenesteordninga.pdf

Gudsteneste i Solheim kyrkje

Søndag 25. april var det prosesjon i kyrkja på Solheim. Dåpsfylgjet kom inn i kyrkja saman med sokneprest Torbjørn Sæle og saman sang me opningssalmen «Deg være ære, Herrens over døden makt!»

Kyrkjelyden i Solheim tok imot Oline Hindenes Haugsvær, som vart døypt. Ove I.B. Danielsen spela piano og sang salmen «Du lyser din fred over barnet».

Første tekstlesing var Jesaja 43, 16-21. Preiketeksten var Johannes 13, 30-35. Torbjørn snakka om Jesus som det gode forbildet! La det vere synleg at de har kjærleik til kvarandre! Legge vekk det som gjer at kjærleiken vert hindra.

Det var nattverd og takkofferet gjekk til Kirkens Nødhjelp. Viss du vil gje ei gåve kan du bruke Vipps nr 620513 til Masfjorden sokn. Merk den med «Kirkens Nødhjelp» så sender me pengane vidare.

Tekst og foto: Dina Dyrhovden



Pensjonist i farta

I pinsehelga var Johannes Lyngset vikarorganist i både bryllaup i Sandnes kyrkje og på gudsteneste i Frøyset kyrkje og i Granneheimen. T

redje pinsedag var han på plass igjen, då ved trøorgelet og pianoet og gleda mange på sjukeheimen med song og musikk. På ferja heim igjen, var det skifte av klede og på med startnummeret og full fart vidare til Strilenmilen i Knarvik, der Johannes Lyngset gjekk for ny personleg rekord.

Denne spreke, smilande karen ligg ikkje på latsida, og han stiller nok opp igjen så sant han kan.

Takk for innsatsen!

Tekst og foto: Torbjørn Sæle



Første gudsteneste ved dagsturhytta



Kubbespel, turbingo og kyrkjekaffi i det fri var noko av det som skjedde i samaband med utegudstenesta ved Fjordblikk på Grøttneset Kristi Himmelfartsdag.

Nokre folk kom sjøvegen- nokon med og nokon utan motor. Nokre laga kors av ei lita furu. Den granne kiminga frå ei sauebjele samla merksemda til kyrkjelyden, så heva messingblåsarane både lydnivået og gav oss gode opplevinga i den korte og fine gudsteneste ute ved fjorden. Born og unge frå kyrkjelyden var involvert med å registrera alle som kom, ringja med kyrkjeklokkene og konfirmantane ba forbøn. Torbjørn Sæle leia oss gjennom mange kjente ledd og i preika minna han oss om noko viktig: Deler me det me har, vert det nok til alle. Etter gudstenesta vart det både gøymespel, kubbespel og knakande god kyrkjekaffi. Den heldt standaren til den gode kyrkjekaffien som pleier vera i Granneheimen. Her var heimebaka bollar, kaker kaffi og saft servert av blide damer.

Kven veit – kanskje vert det ein tradisjon med friluftsgudsteneste med Fjordblikk?





Det vert friluftsgudstenester i kvar av kyrkjekrinsane gjennom sommaren.

27. juni ved Stemmevatnet kl. 11:00

Stemmevatnet ligg 2km ovanfor Solheim kyrkje. Parkering ved vatnet nokre hundre meter etter Krossleitet i retning Solheim. Nokre hundre meter å gå på fin grusveg inn til gapahuken.

11. juli Rekneskjerjane kl. 11:00

Ein stad å starta er ved Masfjordvegen 146. Stien er i lett terreng ned til fjorden.

22. august ved Stordalen fjellstove kl. 15:15 i samband med Bjørn West-marsjen.

Bilete frå utegudsteneste i Rekneskjerjane, mai 2019. Arkivfoto.

Tekst: Helga Ekehaug

Foto: Helga Ekehaug og Torbjørn Sæle



Påska i Peter sitt perspektiv



«Dette var interessant,» var dei ei som sa etterpå. Det hadde ho heilt rett i. I temakvelder i alle kyrkjene våre har sokneprest Torbjørn Sæle invitert til ei vandring i ord og tonar gjennom påskeforteljinga. Ved å dele små betraktningar og kommentarar til desse har vi fått del i hendingane i påska, slik Torbjørn har tenkt seg at apostelen Peter kan ha opplevd desse. Dette var ein ny – og som sagt: interessant – vri på ei forteljing som dei fleste frammøtte nok var godt kjende med frå før. Men ved å ta utgangspunkt i Peter vart det opna for eit større fokus på dei menneskelege sidene ved hendingane som her er skildra.

Kjelda for denne gjennomgangen er evangeliet etter Markus. Historia starta med hendingane palmesundag og enda med forteljinga om fyrste påskedag – med ein glytt inn i tida etter, og med ein konklusjon som er tidlaus.

Hendingane vart presentert kronologisk og bundne saman gjennom musikkinnslag. Alle musikkinnslaga hadde norsk tekst, og interessant nok var alle innslaga på eitt nær framført av artistar frå Nordhordland. Kan hende seier dette litt om nedslagskrafta til denne innpå to tusen år gamle forteljinga?

Ein varm takk til Torbjørn for eit fint opplegg.

Tekst: Rune Garman

Foto: Eli Eidsnes

Påskeaktivitet



Før påske samlast nokre born frå mellomtrinna til mat, prat, aktivitet og leik. I Solheim krins møttest me i Bedehuset på Haugsvær der me delte eit måltid og fekk høyra nokre av forteljingane om Jesus i påska. Ein god og lang samtale med engasjerte born! I Frøyset krins var me i kyrkjelydssalen. Etter maten var det bruk av hammar, spikar, nål og tråd som med ulik lydeffekt resulterte i flotte kors. Korset minner oss om at me er døypte med korsets teikn, at Jesus viser oss vegen og at han er alltid med oss- både gjennom liv og død.

Tekst og foto: Helga Ekehaug



Snørík utedag for konfirmantane



Laurdag 10. april var konfirmantane samla til utedag ved Solheim kyrkje og Stemmevatnet.

Nok ein snørík utedag saman med konfirmantane erstatta nok ein utsett konfirmantleir. Noko av det fine med koronarestriksjonane, er at me lyt tenkja nytt om korleis me kan vera saman. Å vera ute er eit godt alternativ.

Denne gongen gjekk me frå Solheim kyrkje til Stemmevatnet. På den rundt to kilometer lange vegen opp fekk konfirmantane med seg snakkekort til å samtala om i grupper på to eller tre. Spørsmåla handla om alt frå påskeferien til dilemma relatert til rus, gaming og sosiale media.

Vel framme ved gapahuken ved Stemmevatnet var utfordringa å få fyr på bålet. Med berre stål og flint til å tenna opp var det bruk for samarbeid, kreativitet, erfaring, oppmuntring og pågangsmot! Alt dette stod konfirmantane for sjølve inkludert hogging av kveiksle! Bålet verma til slutt både oss og maten. Sjølv om det var plenty med ved, hadde alle med ei vedaskie kvar.

Så var det tid for meir leiking, gje eit lite vink, gøymespel, snjeballkrig, kubbspel og bading. Med tanke på at me framleis er i påsketida var «Deg være ære» songen vår denne dagen, med eit mogeleg framtidig konfirmantkor.





Utedagen hadde fokus på det sosiale og det å få vera saman. Med spørsmål frå ein konfirmant: «Når skal me ha utedag i?» fekk me ideen til å ha endå ein utedag. Kanskje dette kan verta tradisjon for seinare konfirmantopplegg – å vera saman ute i Guds frie natur!

Tekst: Helga Ekehaug, truspplærar

Foto: Torbjørn Sæle, sokneprest



Endeleg konfirmantleir på Fjon fjellkyrkje!

Leirane har vorte digitalisert, endra, utsett, flytta og no skjedde det - konfirmantane kunne møtast å vera saman! Både tilsette, frivillige og konfirmantane var glade og letta då det vart høve for å ha leir 7.-9. mai.

«Det var fint å vera ute på tur», «gøy å spela fotball med presten», «eg hadde ikkje trudd det skulle verta så kjekt», var nokre av oppsummeringane frå konfirmantane.

Søndagen var dei alle involverte på eit eller anna vis i å gjennomføra gudstenesta. Det fint å vera med på.

Her er nokre glimt frå leiren.

Helga Ekehaug, trusopplærar

Foto: Torbjørn Sæle og Helga Ekehaug



Vårkveld i bedehuset med mellomtrinnet



Dei kom med glede og med skulebussen til Haugsvær til mange timar saman. I starten snakka me om å vera skapt i Gud sitt bilete og at kvar enkelt har skaparkrefter. Me kan i fellesskap skapa ein kveld som er god for alle.

«Kortid skal me eta» spurde dei meg. «Eg veit ikkje» svara eg. «Det er dekans kveld. Når vil de eta? Kva er planen?» Først vart det ei skjeva, så ein god runde i fotballbingen. So inkluderande som dei var, og oppmuntrande kvar gong eg var borti ballen! Ein av dei sa - meir overraska enn skuffa - «Ho dribla meg!» Så måtte me rekka butikken og handla før den stengte. Me heldt på å snakka kraftig forbi kvarandre då eg sa: «DET e so kjekt å vera med deko» og nokon høyrde: «D'ekje kjekt å vera med deko» Me fekk ein fin liten prat om kor viktig det er å sjekka med kvarandre at me har høyrte og forstått riktig. Sjølv om det er både sårbart og risikabelt å sjekka førestillinga vår - så er det viktig, særleg når det er vondt og vanskeleg.

Matgruppa gjekk for å laga til maten i bedehuset, nokre dekkja bord med duk, nokre planla servering med koronastandard, pynta bord, plukka blomar, ynskta velkomen. Ein av dei sa med eit smil: «Dette er nett som å vera



med i 17. mai-komiteen!» Og for ein komite, for etter maten vart lokalet rydda og vaska på null komma svisj.

Så song me «Fagert er landet» - i alle fall så godt me kunne! Deretter var det leik og godteri ute i den lune vårkvelden. Me avslutta med bøn, kvar enkelt vart takka av alle. Det var ei andektig stemning i bedehuset. Eg sat drøymande att med eit håp som hadde fått ny kveik: Det kan verta fred i verda, nei det vert fred med slike skapande menneske i den oppveksande slekta!

Helga Ekehaug, tTrusopplærar
Foto: Unge frå kyrkjelyden

Digital gudsteneste 17.mai



Mange i Masfjorden var involverte i digitale gudstenester i påska og til 17. mai. – Dagens høydepunkt, seier ein som såg på. Gudstenestene er framleis tilgjengelege på nett.

Når vi heller ikkje denne påska og på årets nasjonaldag fekk samlast til gudstenester i kyrkjene våre, bestemte staben seg for å gje eit anna tilbod. Vi ønskja å ta masfjordingane med til kyrkja – via skjermen, slik som på 17. mai i fjor.

På kort varsel måtte planar endrast, og i kyrkjeromma vart det gjort klart til opptak. Først var det Frøyset kyrkje der ei digital gudsteneste til første påskedag vart spelt inn. For første gong kunne tonane frå det nye orgelet høyrast, og to unge kulturskuleelevar spelte kvar sine flotte musikkstykke. Gjennom påskeveka var det også lagt ut andre andaktar, song og helsingar til kvar av påskedagane.

I mai vart Solheim kyrkje fylt med norske flagg, festpynta og bunadkledde medverkande og salmar om Gud og fedreland.

På mange måtar har desse gudsteneste vist oss noko viktig: Verdien av å feira gudsteneste saman – der mange lemmer på Kristi kropp bidrar på ulikt vis og med våre gåver og evner. Her har born og vaksne sunge og spelt, konfirmantar har lese og bedt og musikantar i alle aldrar har sytt for tonefølje til salmane frå galleriet. Tilsette har organisert, leia, preika, filma og redigert. Viljen til å bidra har vore stor, og vi som har vore med å laga desse gudsteneste, har hatt det kjekt.

Gudstenestene har nådd ut til mange via Facebook og nettsider. Ein av dei som gleda seg over 17. mai-gudstenesta på nett, har sendt oss følgjande tilbakemelding:

Takk!

– Eg vil gjerne få takka dei som tok initiativet til gudstenesta som vart send på internett frå Solheim kyrkje 17. mai.

Det var eit friskt pust inn i stova i desse koronatider. Takk og til dei som stilte opp, og gjorde det heile til ei fin oppleving. For meg vart dette høydepunktet for dagen.

Eg vil også nytta høvet til å takka dei som gjennom "Masfjordingen", skriv frå gudstenester som har vore i kyrkjene våre. Det gjev oss høve til å fylgja med på den kyrkjelege fronten, seier Jon Hope.

Har du ikkje fått med deg gudstenestene eller videohelsingane, finn du dei framleis under «Videoer» på Facebook-sida «Kyrkja i Masfjorden» under «Videoer» og på nettsida www.masfjorden.kyrkja.no Der trykker du på «Kyrkja i Masfjorden» deretter «Kyrkjelydsarbeid» og så «Kyrkja på nett». Så gler vi oss òg over framover å kunna samlast både til gudstenester i kyrkjene og ute til friluftsgudstenester. Oversikten finn du som vanleg på side 2.

Tekst: Torbjørn Sæle

Foto: Torbjørn Sæle og Helga Ekehaug

Nytt orgel i Frøyset kyrkje

Så er nyeorgelet i Frøyset kyrkje på plass. Torsdag og fredag før palmesøndag kom to mann frå leverandøren av orgelet til Frøyset. Dei monterte orgelet og dei nye høgttalarane, og fekk alt på rett plass.

Men før ein var komen så langt, var orgelet heist på plass på galleriet. Stor takk til tilsette på teknisk, som stod for den jobben. Det er ikkje greitt å vite korleis ein skulle fått dette til utan deira hjelp.

Då alt var sett opp og montert, vart orgelet intonert – det vil seie at det vart tilpassa akustikken i kyrkja. Avhengig av storleik og type bygningsmaterialar vil kvar kyrkje setje sitt preg på orgellyden, og føremålet med intoneringa er å få orgel, høgttalarar og kyrkjebygg til å klinge godt saman. Det er all grunn til å seie seg vel nøgd med resultatet av dette arbeidet. Frøyset kyrkje har no fått eit velklingande instrument som passar godt i kyrkja vår. Den som vil, kan kome til gudsteneste og få den utsegna bekrefta.

Normalt ville det vore naturleg å markere det nye orgelet med ei tilstelning, og det er det også meininga å gjere her. Men dette utset ein til dess det vert mogleg å fylle kyrkja. Likevel – det kan vere at ein vil få til ein liten «uoffisiell» konsert i Frøyset kyrkje i løpet av sommaren. Innhald, dato og klokkeslett er enno ikkje fastsett, men når alt er klarlagt, vil ein finne informasjon om dette på kyrkja si heimesid: <https://masfjorden.kyrkja.no>

Tekst og bilete : Rune Garmann



Smittevern i kyrkja

I år opplevde vi at det ikkje vart halde gudsteneste i kyrkjene våre i påsken. Det er grunn til å tru at det er fyrste gongen i Den norske kyrkja si historie at ingen kyrkjer har halde ope i påskehøgtida. Grunnen kjenner vi: smittevernomsyn. Men det er ikkje fyrste gongen at kyrkja har funne det naudsynt å sjå på smitteverntiltak.

Rundt år 1900 var ei annan alvorleg sjukdom på ferde og herja i landet vårt: tuberkulosen. Den gong hadde ein ikkje effektiv medisin mot sjukdomen. Ein visste at tuberkulose var smittsam, og at det var viktig å hindre smitten å spreie seg. På stader der mange menneske kunne samle seg, som i kyrkja, vart det difor viktig å treffe tiltak som hemma smittespreiing.

I kyrkjene var det spesielt tre tiltak som det vart lagt vekt på : systematisk reinhald, utplassering av spytebakkar, samt smittehemmande rutinar ved utdeling av altervinen. Dei to fyrste tiltaka vart nedfelt i «Bestemmelser om renhold m.v. i rikets kirker» som kom 7. oktober 1910. Her vart det skildra kva rutiner for reinhald som skulle gjelde. Det kom påbod om å setje opp plakatar som oppfordra folk til ikkje å spytte på golvet, og retningslinjer for bruk av spytebakkar.

På denne tida nytta ein felleskalk ved utdeling av vinen til nattverd, det vil seie at alle nattverdsgjestane drakk av same beger. Kyrkjedepartementet sende ut eit rundskriv der dei anmoda om at ein tok i bruk særkalkar. Men forslaget fall på steingrunn. Biskopane gjekk imot dette. Fyrst i 1914 vart det bestemt at ein kunne nytte både særkalk og felleskalk. Men då hadde kyrkjedepartementet kome med anbefalingar om korleis ein på mest hygienisk vis kunne nytte felleskalkar. Eitt råd var å dreie kalken litt for kvar nattverdsgjest, slik at ingen drakk frå same stad på kanten.

Men så var det ein som kom på noko smart: Grosserer Theodor Møller frå Danmark lanserte «den hygieniske alterkalken». Den er forsynt med ein krans av munnstykke – femten i alt – som gjer at inntil 15 personar kan drikke altarvin frå kalken i eit eige munnstykke. Ein artig detalj er at kvart munnstykke har ei opning som gjer at vin som ikkje vart drukke, ikkje rann attende i kalken, men ned i eit rom under vinbehaldaren.

Nokon suksess vart denne kalken ikkje. Ein av grunnane skal ha vore at formen på munnstykkja gjorde at mange slurpa når dei tok imot vinen. Ein indikasjon på at denne kalken ikkje var særleg mykje nytta, er at det nesten ikkje finnest bilete av han. Men nokre få bilete finnest.

Og nokre av desse bileta er tekne i Masfjorden. I Sandnes kyrkje har vi ein slik hygienisk alterkalk, og i Frøyset kyrkje har vi ein til. Den avbilda kalken høyrer heime i Sandnes kyrkje.



Tekst og bilete : Rune Garmann

Frivilligsentralen

- kva skal vi med den?



Det har i nokre år vore stilt kring Masfjorden frivilligsentral. Forsøk på å vitalisere sentralen er blitt gjort, utan særleg suksess. Då er det kan hende ingen vits i å ha han?

Eller kan hende er det slik at frivilligsentralen rett og slett treng ei fornying? Dette spørsmålet vart teke opp i formannskapet, og der vart det gjort eit initiativ til å setje ned eit utval som skulle sjå litt på dette.

Utvalet vart etter kvart sett saman slik :

- Torill Torsvik Størkersen og Oddvin Neset, representerer Masfjorden kommune,
- Liv Dyregrov, helselaga i Masfjorden, representerer dei friville organisasjonane,
- Aril Andvik og Rune Garmann, representerer Masfjorden sokneråd,
- Helga Ekehaug, dagleg leiar i Frivilligsentralen, er medlem og sekretær i utvalet.

Det er laga ein framdriftsplan for arbeidet i utvalet. Den er i tre delar :

- Ein skal kartlegge kva ynskje og forventningar ein har til kva Frivilligsentralen kan bidra med å avhjelpe, og kva ressursar sentralen kan spele på.
- Ut frå dette skal ein utforme eit mandat for Frivilligsentralen.
- På grunnlag av mandatet vil ein sjå på korleis Frivilligsentralen best kan organiserast. Dette vil gjelde kva oppgåver sentralen skal arbeide med, men kan også omfatte korleis sentralen skal organiserast.

Vi er no inne i kartleggingsfasen. Her vil utvalet stille to spørsmål, som vi ynskjer at flest mogleg skal svare på :

- Kva ynskje og forventningar har du til ein fornya Masfjorden frivilligsentral? Her kan du gjerne tenkje på eigne forventningar og ynskje, men også dra fram behov som du ser andre måtte ha.
- På kva måte kan du vere ein ressurs inn i arbeidet til ein fornya Masfjorden frivilligsentral? Dette er ikkje noko bindande påmelding til noko som helst, men meir eit forsøk på å sjå kva tiltak Frivilligsentralen kan rekna med å ha hjelparar til å kunne få gjennomført.

Like over pinse vil det gå ut eit brev til alle lag og organisasjonar som har søkt Masfjorden kommune om kulturmidlar. Dette brevet ynskjer ein at mottakar ser gjer gjennom og gjev attendemelding på i løpet av juni månad.

Men også du som einskildperson kan ha tankar om saka, og utvalet vil med dette utfordre deg til å dele desse tankane med oss. Du kan gjerne sende dei skriftleg, i form av brev til

Frivilligsentralen i Masfjorden,
Austfjordvegen 2724,
5981 Masfjordnes
eller som e-post til helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Vi vil gjerne ha dine tankar om Masfjorden frivilligsentral inn til oss innan utgangen av juni.

Til hausten vil utvalet gjennomføre ein serie opne møte i alle delar av kommunen, der desse spørsmåla vert tekne opp. Dato og tid for møta er enno ikkje fastsett, men vil verte kunngjort på kommunen si heimeside og/eller i «Masfjordingen».

På vegne av utvalet
Torill Torsvik Størkersen,
varaordførar, Masfjorden kommune

Eit oppnåeleg turmål

På initiativ frå Nordbygda pensjonistlag er det no laga til ein grusa turveg i utmarka vest for Nordbygda skule.


Sjølv om det er pensjonistlaget som står bak initiativet, er det meininga og eit sterkt ynskje at turvegen vert nytta av spaserande i alle aldrar.

Kjem ein med bil dit, kan det vere lurt å parkere i nærleiken av Nordbygda skule. Ein finn eine enden av vegen ved å gå i fotgjengarfeltet i retning Nordbygda senter til dess ein kjem til ei grind.

Derfrå slyngar vegen seg fint sørover og innover i skogen og nedetter i utmarka, til ein sving med ei bru som er lagt over eit lite bekkedar. Her svingar vegen og går austover, til dess han endar ved fotballbana på nedsida av Nordbygda skule. Frå fotballbana er det ein kort bakke opp att til parkeringsplassen. Vegen er godt drenert og grusa, og vil truleg vere fin å gå på i all slags ver. Og måndag 14. juni kl.13:00 vil vegen verte offisielt opna.

Så er det berre eit spørsmål om vegen kjem til å verte brukt. Det kan du vere med på å avgjere. Hugs berre: du treng ikkje vere pensjonist for å bruke vegen.

Tekst og foto : Rune Garmann



Hjertemarsjen 8.mai



I år slo me til att! Nordbygda helselag arrangerte Hjertemarsj laurdag 8. mai.

Kommunen er på vanleg nasjonalt nivå i koronasamanheng, så me kan samlast mange ute, i alle fall fleire enn me rekna med ville komme på marsjen.

Hjertemarsjen hadde start og mål ved Nordbygda skule. Der møtte 55 små og store opp og gjekk eller vart trilla på turvegen, som er tilrettelagt for rullestol og barnevogn.

Turen gjekk på den nye turvegen som pensjonistlaget i bygda har fått laga no i vår. Turvegen er ikkje offisielt opna, men den er allereie mykje brukt. Turstien går i fint skogsterreng, sjå bilde.

Ved målgang kunne alle kose seg med kaffi, saft og bollar av ulikt slag, og ikkje minst fekk folk møtast for å prate.

Ved påmelding/registrering fekk alle eit lodd og ved målgang var det trekning av fine premiar. Alle tykte det var kjekt å møtast att etter lang "dvale", til og med sola kom fram!

Helselaget fekk inn 2050 kr som går direkte til Nasjonalforeningen sin Hjerteaksjon.

Tekst: Liv Dyregrov, Nordbygda helselag
Foto: Willy Borge



Anders Totland Rong tok alle sju vinterpostane på ein dag



Anders og Samuel på Litltfjellet

Tre unge karar gjekk lett etter vinterpostar i skog og fjell på sørsida i Masfjorden. Den yngste av dei, Anders Totland Rong på 10 år tok alle postane på ein dag. Han starta saman med Samuel Skrzyczek på 12 år, og Randi lærar var sjåfør, vegvisar og organisator. I Andvik gjekk desse tre sprekingane rundt Storavatnet, der dei fann fyrste vinterposten. Derifrå trippa dei vidare opp på Littlefjellet. Då dei kom ned att til bilen, køyrde dei til Sandneselva, gjekk fort og lett opp til Sandnesvatnet og tok den tredje vinterposten, før vidare over Håvarden, der den fjerde posten var plassert. Nede i Elvik stod bilen fint parkert, fordi Svein Elvik gjekk motsett veg og køyrde bilen til Elvik.

Etter fire vinterpostar på 3-4 timar, vart Samuel bytt ut med Jone Langhelle på 11 år. Samuel vart køyrt til skulen for å ta resten av skuledagen på skulen, medan Jone overtok andre etappe etter Samuel. Anders, Jone og Randi køyrde til Mjanger, gjekk opp ein laaang bratt skogsveg til Mjangersetra. Randi fortel at trass den lange lia heldt dei god fart og var ved godt mot. For Anders og Randi var dette den femte posten denne dagen. Vel nede på Mjanger gjekk turen vidare opp på Melshovden, før dei tok den sjuande posten ved dagsturhytta på Grøttneset. Deretter bar det strakaste vegen tilbake til skulen for å delta på gitarøvinga i kulturskulen kl. 15:30.

Alle som er kjende veit at det står stor respekt av denne prestasjonen.

Eg undra meg over kva dei la merke til på turen av dyr, fuglelydar, sus frå elvar, fargar på tre og buskar. Dei hugsar ikkje så mykje av det, men så har det vorte ei heil stund sidan turen. Randi hugsar derimot at Anders la så godt merke til både smått og stort av det han gjekk forbi. Han var nok ikkje klar over det sjølv fordi det fall han så naturleg å bruka sansane sine.

Kva var kjekt med å gå på tur? Alle var samstemte på at det var godt med variasjon i kvardagen og kjekt å vera ute. Eit av høgdepunkta var å koma fram og sjå på utsikta. Alle saman hadde overnatta ute, nokre ved Torsteinshytta, andre ute i hagen. Samuel hadde overnatta heilt åleine ute i ei trehytte han hadde vore med å byggje! Dei var samstemte om at dei har lyst å vera meir ute.

På spørsmål om kva tips dei hadde til andre som ville prøve lukka til fjells, så kom råda som perler på ei snor: Vera positiv, ikkje gje opp, ha gode sko.

Helga Ekehaug, bladfyk for Masfjordingen
Foto: Randi Kjøsnes

Litteratur på dagsturhytta

Hausten 2020 lyste Nasjonalbiblioteket ut midlar for å styrke formidlinga i biblioteka. Masfjorden folkebibliotek fekk då støtte til prosjektet «Ut i naturen med litteraturen».

Samstundes vart Dagsturhytta teken i bruk. Vi visste at hyttene i Sogn og Fjordane hadde vorte mykje nytta til litteraturarrangement, og difor valde vi å prøve ut dette.

I vårhalvåret så langt har elevane i 3. og 4. klasse på Nordbygda og Sandnes skule kome på besøk i hytta. Her har Signe Marit Krossøy, filialstyrar på Sandnes, utkledd som Mormor, fortalt om Anne-Cath Vestly og lese frå boka om «Mormor og de åtte ungene i skogen». Elevane har òg fått høyre om «Knerten og sjøormen». Så har det vore matpause og høve til å leike i det fine området rundt hytta. Nokre elevar har òg brukt tida til å lese nokre av bøkene som er utstilt i hytta. Ein av elevane kunne fortelje at dette var den beste hytta ho hadde vore i – «for det var bøker der».

I 2020 var det 100 år sidan Anne-Cath Vestly vart fødd, så det var naturleg å presentera noko frå hennar forfatterskap.


I mai er det same klassestega på Matre som får tilbodet, og til hausten reknar vi med å nå andre grupper. Signe Marit er ein god formidlar, og ungane sette stor pris på å høyre på henne.

Dei eldste borna i barnehagen på Matre har vore i gapahuken på Våganeset og fått høyre om «Reven og lapskausgryta» og «Kven har tatt påskeegget». Det gjer godt å sjå at det går an å formidle litteratur også ute i naturen.

Tekst og foto:
Kjellaug Bolset Strand



Min salme av Gro Marit Kvinge Tande



Eg kjem frå ein heim der me likte å syngja. Nokon i familien var flinke til å syngja, medan andre av oss var mindre flinke. Det me hadde felles var songgleda. Gleda og fellesskapet eg opplevde gjennom songen, salmesong og anna song, har følgt meg heile livet.

«Å leva, det er å elska» kom inn med morsmjølka. Denne salma vart, i min oppvekst, brukt i både glede og sorg. Teksten lærde eg nok ikkje før

eg kom i barneskulen, då pugging av salmevers var fast heimelekse.

Teksten er skriva av Anders Vassbotn, fødd i Volda i 1868. Han var bonde, ordførar i Volda og sat på Stortinget for Venstre. Anders Vassbotn døydd i 1944. Melodien er skriva av Per Steenberg i 1923.

Ord og innhald i denne salma har danna grunnlag for mine val av haldningar i livet.

Å leva har gitt meg mange val. Å møta ulike menneske har bidrege til å gjera livet mitt rikare. Salma inspirerer meg til å ha fokus på det som er positivt, og arbeida for at alle skal få det best mogleg. Kva er viktig for meg? Kven vil eg vera? Skal eg vera eit godt medmenneske må eg vera tru mot meg sjølv.

Siste verset seier meg noko om at eg gjennom livet vil møta motgang og urett, men at dette er noko eg ikkje bør dvela ved, og dyrka. Registrera det, ja,- men gå vidare.

Å leva det er å elska

Å leva, det er å elska
det beste di sjel fekk nå,
å leva det er i arbeid
mot rikare mål å trå.

Å leva, det er i livet
å finne det største verd;
å leva, det er å vinna
til sanning i all si ferd.

Å leva, det er å leggja
all urett og lygn i grav;
å leva, det er som havet
å spegla Guds himmel av.

Nytt lagerbygg i Duesund



Masfjorden kommune arbeider med å realisere nytt lagerbygg for teknisk drift sør for lagerbygget på Duesund.

Bygget vert på ca 200 m² og skal innehalda verkstad, lager og naudsynte fasiliteter for driftspersonellet på teknisk (TML).

Det er gjeve byggjeløyve og Statens Vegvesen har godkjent at bygget kan plasserast 20 meter frå fylkesvegen. Teknisk sjef Roald Kvingedal planlegg oppstart av byggjearbeidet hausten 2021. Det vert vist til illustrasjonsteikning som viser planlagt bygg.

Kjellaug lukkar boka

Etter 11 år som biblioteksjef i Masfjorden er Kjellaug Bolset Strand no vorte pensjonist. -Det har vore kjekt å jobba på biblioteka i Masfjorden, seier ho.

Eg møter Kjellaug ein tysdag på kommunehuset. Det blir ein god prat.

Kjellaug har hatt heile yrkeslivet sitt i Masfjorden. At ho kom hit var tilfeldig. I 1978 var ho ferdig utdanna lærar og søkte ulike stillingar. I Norsk lysingsblad såg ho at Masfjorden søkte etter lærarar, og her fekk ho jobb.

-Planen var å vera her eitt år, men både eg og ektemannen min, Alf, likte oss godt, og me vart verande. Og me bur her framleis.

-Eg var lærar fram til 2004 og rektor frå 2004 til 2010. Så byrja eg som biblioteksjef, fortel ho.

-Kva hugsar du frå lærartida di på Sandnes skule?

-Når eg jobba i småskulen så vart eg alltid glad når eg opplevde at elevane knekte lesekode. Det var stort både for meg og elevane å sjå at me lukkast med arbeidet.

I 1992 tok eg småskulepedagogikk som vidareutdanning, og då skreiv eg ei oppgåve som heitte «Lesing og skriving på data». Eg jobba med det i klassar seinare, og det synest eg var spanande. Me var faktisk blant dei første som tok i bruk datamaskinene i undervisninga.

-Så kjem eg aldri til å gløyma når elevane hadde framsyningar på skulen, slik som morgonsamlingar, juleavslutningar og ikkje minst Grendahusprosjekt. Då lærte elevane å samarbeida, å laga program og dei fekk øvd seg på å visa dette for andre. Klassane vart svært samansveisa i slike prosjekt.

-Eg håpar skulane i Masfjorden vil fortsetja å gjera slike ting i framtida. Det vil elevane veksa mykje på og sjå tilbake på med glede.

-Korleis har bibliotekjobben vore?

-På biblioteket har eg absolutt likt meg. Å opna kartongar med nye bøker, ta på dei, kjenna lukta av bøkene og bla i dei har vore høgtidsstunder for meg. Og så har eg har blitt kjend med mange nye og kjekke folk frå heile kommunen. Då Inger Jåstad slutta som biblioteksjef i 2010 tenkte eg at eg måtte gripa sjansen til å arbeida på biblioteket, for det har eg alltid hatt lyst til, smiler ho.

- Det var svært kjekt då me fekk pussa opp hovudbiblioteket på Hosteland. Det nyoppussa biblioteket vart meir funksjonelt og passa for folk

i alle aldrar. Det vart skikkekeg stilig! Me har fått mykje skryt for utforminga. -Så ser eg tilbake med glede på dei



arrangementa me har hatt på biblioteket, slik som bok- og strikkekafear, forfatterbesøk og elevinnslag frå kulturskulen. Det siste året har vore stusseleg på den fronten, når me ikkje har fått lov til å ha slike arrangement på grunn av koronaen.

Kva er favorittboka til bibliotekaren, lurar eg på?

I min ungdom las eg Utvandrerne, ein serie på åtte bøker som handla om utvandring til Amerika. Desse bøkene gjorde sterkt inntrykk. Dei siste åra har eg lese mange gode bøker. Det er vanskeleg å peike på ei favorittbok. Men eg likte dei siste bøkene til Edvard Hoem veldig godt. Det same har eg gjort med serien "Byens spor" av Lars Saabye Christensen.

Kva tenkjer du om å bli pensjonist?

-Det er litt rart at arbeidslivet er slutt, men det er også greitt å slutta. No er det riktig å sleppa yngre krefter til.

-Så ser eg fram til gode år som pensjonist saman med Alf, der me kan bruka tid på barn og barnebarn, dyrka hobbyar og kanskje reisa litt. Så vil det vera fint å ta opp ei bok ein heilt vanleg kvardags formiddag og berre lesa, og ikkje tenkja på at eg skal på jobb og må nå ferja, avsluttar ho. Eg vil takka Kjellaug for intervjuet og alle stundene me har hatt saman på biblioteket. Det har alltid vore kjekt å koma ned på biblioteket, ofte berre for å prata. Alltid er ho smilande og blid, og ho seier: «Hei, Jo. Korleis går det med deg?». Praten kjem i gang.

Masfjorden kommune er heldige som har hatt ein så kjekk og dyktig biblioteksjef i så mange år. Eg ønskjer Kjellaug alt godt som pensjonist.

Så ønskjer eg velkommen til den nye biblioteksjefen, Linn Benedikte Brakstad, og ønsker ho lukke til med arbeidet.

Tekst og foto: Jo Ronald Mjanger

Engesund visningssenter i Masfjorden

Akvakulturnæringa er i dag ei mykje diskutert næring, og samstundes ei næring det er lite allmennkunnskap om. Difor har styresmaktene dei siste 15 år oppretta fleire visningssenter for akvakultur rundt om i landet. Me i Engesund fiskeoppdrett fekk i 2012 høve til å starte vårt visningssenter, og er sær opptekne av å formidle fakta om den sunne og smakfulle matråvara me produserer, og korleis me gjer det.

Ein av satsingsgruppene våre er skular, då me ser det er viktig at den oppveksande generasjonen skal få bli kjent med næringa og kor stor moglegheit det ligg i ein slik yrkesretning. Men det er også viktig å synleggjere kor viktig akvakulturnæringa er for Norge som nasjon, både i form av arbeidsplassar, som del av mat-tryggleiken (sjølvforsyning) og som eksportråvare. Me synes også det er viktig å få presentere eit tidsriktig bilete av næringa, då mange myter om oppdrettlaks florerer både blant folk og i media. Akvakultur har vore gjennom store endringar sidan 2006, og er i dag ei strengt regulert næring. Det er krav til å ta vare på husdyret, til å vaksinere fisken, hindre rømming, og å ha gode botnforhold under lokalitet. Det er i dag strenge krav om å ta vare på fisk, folk, miljø og klima.

Me inviterte difor skular i Masfjorden til å vitje oss på lokaliteten vår i Duesund, for at dei skulle få sjå med egne auge og høyre korleis me steller husdyret vårt i sjøen, og samstundes lære om akvakulturnæringa slik den er i dag.

Opplegget me har er retta mot 9. trinn, sidan dei skal snart ut å velje yrke, og me ynskjer å vise at akvakultur også kan vera interessant. Me ynskjer også med visninga å vise kor varierte arbeidsfelt det faktisk er i denne næringa. Difor laga me eit opplegg med små bolkar av ulike tema, som er tilknytt det me driv med.

I år gjennomførte me eit program med ressursutnytting av fiskeskin, fisken sine sansar, knutekurs, tareoppdrett,



utdanning, framtid og berekraft. Slik voner me at elevane har fått eit lite innblikk i det varierte ved å jobbe i akvakulturnæringa. Næringa treng driftsteknikarar ute på anlegga og på føring, det er primæroppgåva og det mest essensielle. Men me treng også båtmannskap, biologar, teknikarar, automatikarar, advokatar, kokkar, lærarar og mykje meir. Det trengs folk som kan føre fisken via data,



omtrent som eit dataspel. Det seiest faktisk at dataspelarar er ofte godt fôringspersonell.

Det er også viktig for oss å få gje eit nyansert bilete av akvakulturnæringa. Som visningssenter opplever me ofte at media, og dermed også allmennkunnskapen hos folk flest, baserer seg på gamle fakta og usanne myter om akvakulturnæringa. Me vil vise heilskapen, på godt og vondt. Til dømes kan me nemne at det er sant at lakselus er ei utfordring, men det er ei utfordring som blir jobba med. Samtidig får me ofte høyre at oppdrettlaks er farleg å ete, men forskning viser at oppdrettlaks er ei rein og sunn matråvare. Faktisk reinare enn villfisk. (<https://forskning.no/partner-fisk-hav-og-fiske/meir-miljogifter-i-villaks-enn-i-oppdrettlaks/357803>).

Tysdag 13. – torsdag 15. april hadde me besøk av ungdomstrinna ved Matre skule, Nordbygda skule og Sandnes skule. Sidan me hadde ein ledig dag av veka, tok me også imot mellomtrinnet ved Sandnes skule fredag 16. april, der elevane fekk eit litt anna program. Alle gruppene fekk lunsj med laksetaco, og ulike smaksprøvar av laks og tare. Det var nok litt uvande smakar noko av det, men det handlar litt

om å vise kva moglegheiter som finnes og kva produkt av tare og fisk me produserer. Det er mat me produserer, og det er viktig for oss at gjestane alltid skal få smake. Laksetacoen falt i god smak hos dei fleste, som me visste det ville. Me voner det kan vera til inspirasjon om at laks kan brukast til meir enn sushi eller grilla.

Det var veldig kjekt å få koma til Masfjorden og møte skular her, og både få vist og fortalt kva, korleis og kvifor me driv med oppdrett. I tillegg var det veldig kjekt å få høyre kva dei ulike skulane hadde av erfaring og kunnskap om akvakulturnæringa. I samband med eine skulebesøket fekk me på førehand spørsmål om me kunne presentere vårt syn på oppdrett i samanheng med oksygenproblematikken i Masfjorden, og gjerne svare på nokre spørsmål. Det blei jo endra produksjonsvilkår innanfor tersklane i Masfjorden på grunn av oksygennivået, og til dømes har Engesund i dag eit lukka anlegg på lokalitet Ådnekvamme på grunn av dette. Mange av spørsmåla me fekk var allereie saker me har i programmet frå før, då dette handlar jo mykje om berekraft i form av miljø og klima.

Å drive visningssenter er noko me er veldig engasjert i, og få lov til å fortelje om denne næringa som er så viktig for Norge. Me er særst takksame for at alle skulane i Masfjorden ville vitje oss, og voner at me kan få kome tilbake ved eit seinare høve.

Tekst og foto: Lisa Instefjord



Masfjordkultur til digital Torgdag



Torgdagen i Bergen har sidan 1977 vore eit av dei største kulturarrangementa i Bergen. Grunna Covid-19 let det seg ikkje gjera å arrangera ein vanleg Torgdag i år, med eit yrande folkeliv, gamle båtar, bymann og stril i gamle klede, boder med sal av mat og varer. I samarbeid med Kystkultur.no vert det difor ein digital versjon av Torgdagen med livestream-sending frå ein båtkortesje på Byfjorden med MS Granvin som studiobåt. Sendinga går av stabelen laurdag 12. juni og vert sendt live på www.kystkultur.no

Kulturaktørar i alle medlemskommunane til Stiftinga KystkulturNo! frå Sveio i sør til Stad i nord er inviterte til å bidra til Torgdagssendinga. Frå Masfjorden helsar ordførar Karstein Totland, Arne Høyland

tek oss med på ei lita omvising i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling, songkoret Spleis syng Kleppevik-viser og Jon Martin Skauge framfører si eige «protestvise» om ubåten ved Fedje.

Innslaga vart spelt nokre fine maikveldar med Sandnesosen og nothuset som kulisse.

Takk til alle dykk kulturaktørar som så sporty stilte opp. Dette blir god Masfjord-reklame! Så gler me oss til å sjå masfjordinnslaga i den digitale sendinga 12. juni.

Videoane frå Masfjorden vert og lagt ut på www.masfjordingen.no

Tekst: Frank Kvinge



Sommarscena 2021

Søndag 06.06- laurdag 14.08 Elin Alver

Laurdag 14.08

Laurdag 21.08-12.09

Laurdag 21.08-12.09

Søndag 22.08

Laurdag 28.08

Onsdag 29.09

Anne Hvidsten trio

Vibeke F Nordtømme

Choi Qrang

Frode Skag Storheim mfl

Local heroes

RIT

Kunstutstilling Fargeriet og Sandneskaféen

Opnings- og avslutningsarrangementet

Konsert i Nothuset, ev Fjon grendahus

Utstilling i Fargeriet «RED LIST»

Opningsarrangement

Utstilling Sandneskaféen

Konsert, BW-marsjen, Stordalen fjellstove

Konsert Sandneskaféen (ute),

ev. Fjon grendahus

Framsyning på Sandneskaféen

Nærare annonsering av arrangementa i juni-juli.

Alle arrangement vil sjølvsagt følgja til ei kvar tid gjeldande smittevernreglar.

Velkommen til Elin Alver si sommarutstilling i Fargeriet



på Masfjordnes

Søndag 6. juni kl
15.00 opnar
sommarutstillinga i
Kvamsdals fargeriet.

I år er det Elin Alver
som står for

utstillinga. I tillegg til utstillinga på
Tørkeloftet stiller ho også ut på
Sandneskaféen.

Elin har arbeidd som kunsthåndverkar i
meir enn 30 år. Ho har atelier i Knarvik.
Elin arbeider med tekstilar- billedvev,
filtarbeid, smykke, materialbilete og
steinmosaikk. Ho stiller også ut eit utval
akvarellar.

I vevarbeida hennar står både tradisjon og
fornyng sentralt. Ho har eit solid grunnlag
i norsk vev- og handverkstradisjon, men
eksperimenterer også gjerne med nye
mønster, materialar og uttrykksformer.

Elin finn inspirasjon i naturen. Ho fortel:
«I tillegg til «det ytre liv», det som vi alle
ser, har jorda også « eit indre liv» med stein,
bergartar og mineral. For å oppdaga denne
verda krevst det granskande blikk, eit auga
innstilt på detaljar og eit barn sin
nysgjerrighet, forundring og begeistring.
Det er denne begeistringa for naturen- både

det ytre og den indre – som har gitt meg inspirasjon i
arbeidet mitt.»

Sidan 1988 har Elin Alver hatt ei rekkje utstillingar over
heile landet, og mange av arbeida hennar er kjøpt inn
både i inn- og utland, også av kongehuset. Dei fleste
kunstverka i utstillinga er for sal.

Masfjorden kommune, kultur

INSPIRASJONER

Utstilling
av arbeid i vev, filt, steinmosaikk og akvarell

Elin Alver

Kvamsdals fargeriet og Sandneskaféen, Masfjordnes
Laurdagar kl. 12-16
Søndagar kl. 14-17
i tida 6. juni – 18. juli og 7. – 14. august 2021
og elles etter avtale; ring 970 61 230 eller 977 02 476

Opning søndag 6. juni kl. 15.00 i Sandnes kyrkje
• Velkommen v/Masfjorden kommune
Mini-konsert v/Rune Alver
Orientering om utstillinga v/Elin Alver
Gruppevis omvisning på utstillinga
Servering og lett underholdning i Sandneskaféen

Arr.: Sommarscena/Masfjorden kommune

Elin Alver - 05

Noko å sjå fram til for pensjonistane

Nordbygda pensjonistlag vil markere at vi vonleg ser slutten på pandemien vi har slite med i over eitt år. Laget er tildelt midlar til ei markering, og vil gjere dette med stil: Styret har bestemt at midlane skal brukast til å arrangere ein gratiskonsert for pensjonistar, med Sigrid Moldestad trio.

Konserten vil finne stad på
Nordbygda samfunnshus
onsdag 15. september kl.18:00.

Konserten er som sagt gratis, og spesielt tiltenkt pensjonistar. Av di det begrensa kor mange det er plass til i Nordbygda samfunnshus, har ein funne det naudsynt å lage til ei ordning med påmelding med namn og telefonnummer til dei påmelde. Ein melder seg på ved å ta kontakt med
Ivar Haukeland, tlf. 481 15 031.

Når ein vert registrert, vil ein få tildelt eit nummer. Det er viktig at ein hugsar nummeret, av di dersom ein av smittevernomsyn må halde konserten for færre personar enn det som er påmeldt, vil ein nytte påmeldingslista for å avgrense tilgangen. Har ein til dømes nr. 181 på lista og det berre vart plass til 150, så er ein «ute». Slike avgrensingar vil verte gjort kjent på nett og på oppslag, men det er ikkje høve å gi attendemelding til kvar og ein som måtte verte råka av at ein må seie nei til nokon. Med andre ord: Det kan løne seg å vere om seg og melde seg på så tidleg som mogleg! Så får ein vone at dette vert ei hending vi kan sjå fram til med forventning, og attende på med glede.

Velkomne, alle saman!

Tekst og foto: Rune Garman



Informasjon frå Masfjorden helsestasjon og skulehelsetenesta

Helsestasjonen og skulehelsetenesta i Masfjorden har vore inne i ein periode med endring. Våren ble ikkje heilt som planlagt. No er situasjonen kring personalkabalen ferdig. Frå hausten av er desse å finne ved Masfjorden helsestasjon og i skulehelsetenesta.

Randi Ulvøy – leiande helsesjukepleiar
Valborg Nes – Jordmor
Laila Mjånes – helsesjukepleiar
Anne Hilde Haveland – psykiatrisk sykepleier

Ta gjerne kontakt ved behov eller spørsmål

Masfjorden helsestasjon tlf. 56 16 63 14
Randi Ulvøy mobil: 40 80 16 40
Epost: Randi.ulvoy@masfjorden.kommune.no



Koronavaksinerings

I løpet av veke 23 har alle over 65 år og personar i gruppe 5-7 fått tilbod om Pfizervaksine. Gruppe 5 - 7 er personar i aldersgruppa 18-64 år med underliggende sjukdomar.

Prioriteringsrekkefylgje:

1. Bebuarar i sjukeheim

2. Alder 85 år og eldre

3. Alder 75-84 år

4. Alder 65-74 år og samtidig personar mellom 18 og 64 år med sjukdomar/tilstander med høg risiko for alvorleg forløp

5. Alder 55-64 år med underliggende sjukdomar/tilstander

6. Alder 45-54 år med underliggende sjukdomar/tilstander

7. Alder 18-44 år med underliggende sjukddomar/tilstander

8. Alder 55-64 år

9. Alder 45-54 år

10. Alder 18-24 år og 40-44 år

11. Alder 25-39 år

Samtidig med desse gruppene har me starta med vaksinerings i gruppe 8, dvs. friske personar under 65 år.

Dersom du har ein underliggende sjukdom og ikkje har fått tilbod om vaksine, kan du ta kontakt med legekantoret på tlf. 56166300.

Dei underliggende sjukdommane er:

- Kronisk leversjukdom eller betydeleg nedsatt leverfunksjon
- Immundempande behandling som ved autoimmune sjukdomar
- Diabetes
- Kronisk lungesjukdom, inkludert alvorleg astma som har medført bruk av høgdose-inhalasjonssteroider eller steroidtabletter siste året



- Fedme med kroppsmasseindeks (KMI) på 35 kg/m² eller høgare
- Demens
- Kroniske hjerte- og karsjukdom (med unntak av høgt blodtrykk)
- Hjerneslag

Tilgangen på vaksine skal auke i juli og august, så det blir vaksinerings gjennom heile sommaren. Me vaksinerer fortløpande etter retningslinjer frå FHI.

Me ber om at alle har tatt ei avgjerd på om ein ynskjer vaksine eller ikkje når me tar kontakt. Me veit endå berre 1-2 veker fram i tid kva mengde me får av vaksine. Det er difor kort varsel på tildelt time til vaksinerings, og me oppmodar alle til å ordne seg slik at ein kan stille på tildelt time så langt det let seg gjere.

Me vaksinerer framleis om onsdagar i det gamle lokalet til legekantoret på Hosteland. Møt så presist som mogleg til klokkeslettet du har fått og vent i bilen til du blir henta inn. Dette pga smittevern.

Er du nyleg flytta til kommunen, over 65 år og ikkje fått tilbod om vaksinerings, ta då kontakt med legekantoret.


Førehandsrøysting:

Kommunehuset	10-aug. - 10.sept.	09:00 – 15:00
Biblioteket på Matre	torsdag 2.sept	13:00 – 18:30
Sjukeheimen	tysdag 7.sept	10:00 – 12:00
Biblioteket på Hosteland	tysdag 7.sept	13:00 – 19:00
Butikken på Hosteland	fredag 10.sept	12:00 – 18:00
Butikken på Kvingo	fredag 10.sept	12:00 – 18:00
Butikken på Haugsvær	fredag 10.sept	12:00 – 18:00

Dersom du ikkje har høve til å avgje stemme til tider for ordinær forhåndsstemming eller på valdagen, kan du frå 1. juli ta kontakt med Masfjorden kommune, tlf. 56 16 62 00, for å avtala tid for å avgje stemme. Ambulerande røysting etter avtale. Det vil koma informasjon om dette på kommunen si heimeside.

På valdagen 13.september 2021 held Masfjorden kommune valting på følgjande stader:

Hosteland røystekrins	Nordbygda skule
Masfjordnes røystekrins	Kommunehuset
Matre røystekrins	Matre skule
Opningstida for valting vert frå kl 11:00 til kl 18:00	
Meir informasjon blir å finna på kommunen si heimeside framover.	



Vakkert ved Andvikevatnet Foto: Vivian Nesse Gjerde



Risnes idrettslag inviterer til

Motbakkeløpet

"Sleirsfjellet opp"

laurdag 5. juni
2021



549 m.o.h og 3,4 km.
Ei løype som passar
for liten og stor,
aktiv og mosjonist



Årets Sleirsfjellet opp vert avvikla i tråd med retningslinjer knytt til pandemi.
Myldring og premieutdeling, program og kafé ved grendahuset må difor avlysast!
Me arrangerer likevel motbakkeløpet for trimmarar både i trim og konkurranseklasser. Det vert ei ny løype ned frå målgang pga. smittevern hensyn.
Det vert ikkje høve til å opphalde seg ved målgang.
Følg ny merka løype nedatt like etter målgang.
Live-stream blir sendt frå målgang via Facebook.
Konkurransen kan òg følgast på eqtiding. no

Påmelding kun via Eqtiding.no

(ta kontakt med Elisabeth/Tove Kristin ved spm. om hjelp til dette)

Start trimklasse kl. 9.00 - 11.00

Det vert registrering og henting av startnummer på ulike plassar ved grendahuset og langs første del av løypa for trimklasse.

Felles start konkurranseklassar kl. 12.00

Henting av startnummer ved grendahuset

(Inndeling start i henhold til smittevernreglar/avstand mm.)

Premieutdeling direkte etter målgang til vinnarane.

Spurtpris beste kvinne og beste mann: Kr 500

1.premie beste kvinne/mann: Kr 2.000

2.premie beste kvinne/mann: Kr 1.000

3.premie beste kvinne/mann: Kr 500

Premiering for 1. - 3. plass i kvar klasse

Mange flotte gavepremier frå sponsorar! Hovudpremien er kr 5.000

Gavepremier kan hentast/får beskjed pr. sms

Premiering til sprekaste skuleklasse frå Masfjorden (beste %-vis deltaking)

1.plass kr. 3000.- 2.plass kr. 2000.- 3. plass kr. 1000.-

T-skjorte til alle påmeldte

Klassar med tidtaking: Gutar/menn og jenter/kvinner

11-13 år, 14-16 år, 17-20 år, 21-40 år, 41-50 år, 51-60 år, 61-70 år, 70 år +

Påmelding: 11 - 16 år konkurranseklasse: Kr 200.-

17 år og oppover: Kr 300.-

Barn og vaksne - Trimklasse: Kr 180.-

Familie - (Foreldre/foresatte og minimum 2 born) Trimklasse: Kr 650.-

Barn under 11 år må ha følgje med ein vaksen

Eingongslisens inkludert i påmeldingsavgifta

Parkering på tilviste plassar. Ta kontakt med arrangør ved behov for parkering på plassen ved startområdet/grendahuset.

Sjå meir info: www.risnesil.no Facebook: Sleirsfjellet opp

Kontakt: tlf 91338861 Tove Kristin ved spørsmål

Alle er hjarteleg velkomne,


men er du sjuk eller har symptom - bli heime.

Me oppmodar alle om å følgje smittevernreglar og ta hensyn

Atelier treskuset er ope

Takk til hovudsponsorar 2021

Masfjorden Kommune
Sparebanken Vest
Tess
AS Birkeland Entreprenørforretning
Spar Hosteland
Brekkestranda Fjordhotell AS
Nautesund Camping & hytter
Sveins bakeri AS
Masfjorden elektro AS
Auto-Mek AS
HAFS Elektro & Rør AS
Frode Haugsvær maskin AS
Kvantum AS
Mowi Kvingo
Rema 1000 Mongstad
Entreprenør Ansgar Birkeland AS
Wergelandgruppa
Gulen Taxi AS -Ivar Eide
Masfjorden taxisentral
Bunnpris Eidsbotn
Avisa Strilen
Nordhordland avis
Frøyset elveeigarlag
Norva Birkeland





Kontaktinformasjon til kyrkja



Kyrkjevevjerje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
E-post kyrkjevevjerja@masfjorden.kommune.no

Kyrkjelydsmusikar: Anne Merethe Reknes
Tlf.: 47 41 31 41
E-post:
anne.merethe.reknes@masfjorden.kommune.no

Diakoni og undervisningsleiar:
Helga Ekehaug
Tlf. 56 16 62 62, 911 93 612
e-post:
helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Sogneprest, vikar: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
e-post: ts657@kyrkja.no

Vipps Masfjorden Sokn: 620513

Frist for innsendingar til Masfjordingen

Bladet skal vera klart til utsending 10 dagar
etter fristen: 24. august

Noter desse datoane i årshjulet for din
organisasjon. Få med både førehandsomtale
og del gjerne bilete og minneverdige stunder
frå hendinga i etterkant. Slik at de kan få
åtgaum og folk i bygdene kan få eit innblikk
i det som skjer.

RING

SOS

22 40 00 40

Kontaktinformasjon til kommunen



Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Arbeidsgruppa for Masfjordingen

Helga Ekehaug, Mary Hope, Frank Kvinge,
Sveinung Toft

helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
Formgjeving: Mary Hope